



Delar av Arbeidarpartigruppa med Magne Huglen i fokus

Etter 4 timers møte har kommunestyret mellom anna vedteke at ein felles skule for Uskedalen, Omvikdalen, Malmanger og Mauranger skal utgreiast og sendast ut på høyring. Det skal også ein eventuell overføring av Bringedalsbygda til Husnes. 19 stemte for eit kompromissforslag

I ytre luten skal ein vurdera bruk av 200 millionar til ein ny stor skule på Husnes, alternativt rusta opp noverande Undarheim og Valen. Ølve skule blir lagt ned frå hausten.

Dei 19 var Arbeidarpartiet, KrF,,Venstre, uavhengig, SV og delar av Framstegspartiet.

Her er kompromisset:

1 a:

Det skal straks startast opp planleggjing av plassering, utforming, kostnadsramme og finansiering av ein ny Undarheim skule innanfor ei kostnadsramme på 200 millionar kroner. Planane skal vegast opp mot ei rehabilitering og utviding av noverande Undarheim skule og Valen skule.

b):

Undarheim skule og Valen skule har same prioritet i framdrift. Dersom resultatet blir at det skal rustast opp skular på Valen og Undarheim, skal elevane på Skarveland overførast til Valen og elevane frå Sunde til Undarheim.

c:

Flytting av elevar ved Bringedalsbygda skule til Undarheim skule skal utgreiast og sendast ut på høyring.

d:

Felles skule for elevane ved Uskedalen skule, Omvikdalen skule, Malmanger skule og tidlegare Mauranger krins skal utgreiast og sendast ut på høyring.

e:

Arbeid med plan og finansiering skal starta umiddelbart.

Fleire former for finansiering skal vurderast, m.a. delfinansiering frå kraftfondet.

f:

Ungdomsskuletilbodet for elevane frå Halsnøy oppvekstområde og Åkra skule blir som no. Ny vurdering skal gjerast i 2016.

g:

Når punkt C og D er ferdig utgreidd skal brukarane ved skulane høyrast.

Det vil seia alle som har born i grunnskulen og alle som har yngre born.

2.

Elevane frå Ølve krins og Trå krins (5. - 7. årssteg) får skuletilbodet sitt ved Hatlestrand skule frå 1.8.13. Kringsgrensene vert føreslegne endra i samsvar med dette.

Føresetnaden er at opprustinga er ferdig med god kvalitet og framtidsretta løysingar.

På biletet over er delar av Arbeidarpartiet med uskedelingen Magne Huglen i forgrunnen.

Foto: Ola Matti Mathisen